



Vår referanse:
24/8715, 24/50779

Arkivkode:
M77

Dato:
06.06.2024

Forslag til forskrift om open brenning og brenning i småomnar, Ålesund kommune, Møre og Romsdal

Forskrift om open brenning og brenning i småomnar, Ålesund kommune, Møre og Romsdal

Heimel: Fastsett av Ålesund kommunestyre (dato) med heimel i [lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall \(forureiningslova\)](#) lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningslova) § 9, jf. [forskrift 19. juli 2001 nr. 1706 om delegering av myndighet til kommunene etter forurensningsloven § 9](#).

§ 1. Føremål

Føremålet med denne forskrifta er å forhindre forureining og helseproblem i kommunen som følge av open brenning og brenning av avfall i småomnar, inkludert vedomnar og peisar.

§ 2. Verkeområde

Denne forskrifta gjeld open brenning og brenning av avfall i småomnar innanfor grensene til kommunen. Forskrifta skal ikkje avgrense verkeområdet for andre lover og forskrifter, som brann- og eksplosjonsvernlova med tilhøyrande forskrifter og forskrift om miljøretta helsevern.

§ 3. Definisjonar

- Open brenning*: All brenning som skjer utandørs.
- Småomnar*: Forbrenningsomnar som ikkje har særskilt løyve frå Miljødirektoratet eller Statsforvaltaren, eller er godkjent brukt etter forskrifter gitt med heimel i forureiningslova.
- Reint trevirke*: Trevirke som er ubehandla, slik at dei ikkje er mala, beisa, trykkimpregnert eller liknande.

§ 4. Forbod mot open brenning og brenning av avfall i småomnar

Open brenning og brenning av avfall i småomnar er forbode, om ikkje anna følgjer av § 5 i forskrifta.

§ 5. Unntak frå forbodet

Følgjande brenning skal likevel vere tillate:

- Open brenning med kol og ved på grillanretningar, utepeisar og kaffibål.
- Brenning av papir til opptenning og reint trevirke i vedomn og peis.
- Sankthans- og jonsokbål av reint trevirke.

§ 6. Dispensasjon

Forureiningsmyndigheita i kommunen kan etter søknad i særlege tilfelle dispensere frå forbodet i § 4.

§ 7. Tilsyn

Forureiningsmyndigheita i kommunen fører tilsyn med at føresegnene i denne forskrifta vert følgde, jf. forureiningslova § 48.

§ 8. Klage

Vedtak etter denne forskrifta kan klagast på etter reglande i forvaltningslova § 28 andre ledd.

§ 9. Straff

Brot på føresegnene i forskrifta kan føre til straffeansvar, jf. forureiningslova § 78.

§ 10. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft 1. januar 2025.

Frå same tidspunkt vert følgjande forskrifter oppheva:

- a) [Forskrift 7. april 2011 nr. 382 om åpen brenning og brenning av avfall i småovner, Ålesund kommune, Møre og Romsdal.](#)
- b) [Forskrift 31. august 2011 nr. 909 om open brenning og brenning av avfall i småomnar, Sandøy kommune, Møre og Romsdal.](#)

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.